



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 31.10.2019

Vår ref: 19/03894-2

Dykkar ref: 17/00344-14

Høyringssvar frå Bjørgvin - forslag til regler for Mellomkirkelig råd

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høve til å uttala seg om reglar for Mellomkyrkjeleg råd.
Saka vart handsama i møte i BBDR 29.10.2019.

Bjørgvin bispedømeråd meiner det er viktig at Mellomkyrkjeleg råd i større grad bidreg til å styrke den lokale økumeniske dialogen i vår kyrkje. Dette må og omfatta den nye konteksten der mellom anna og kirkjesamfunn som har sitt utspring frå vår eige kyrkje må reknast inn i denne dialogen.

Vi vil derfor foreslå at vi tar med følgende i paragraf 2:

- c:lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå .."
d: "...lokalt, nasjonalt og internasjonalt."

Den grunnleggande endringa er å gjera Mellomkyrkjeleg råd om frå eit organ til eit fagråd. Bjørgvin bispedømeråd meiner at det i høyringsdokumentet er argumentert tilfredstillande for at ei slik endring er ein fornuftig konsekvens av endringane i kyrkja, men at internasjonalt samarbeid, økumenikk og interreligiøse saker og relasjonar er så viktig for kyrkja at det framleis må vera ei sak for Kyrkjemøtet.

Høringsspørsmål:

1. Har høringsinstansene synspunkter på forslaget til sammensetning for Mellomkirkelig råd?

Bjørgvin bispedømeråd er samd i at ein reduserar talet på representantar frå bispedømeråda. Bjørgvin bispedømeråd trur ikkje det vil føre til økt lokalt engasjement å få med representantar frå Sjømannskyrkja og Bibelselskapet. Det kan tvert imot føre til at vi får ein meir topptung organisasjon der fokus på det økumeniske arbeidet blir einsidig nasjonalt og internasjonalt. Vi foreslår derfor at paragraf 3 d) blir lik gammel paragraf 5 b) "En representant for kirkens Nødhjelp med vararepresentant. Disse velges av Kirkens nødhjelps styre."

2. Bør representantene fra bispedømmene oppnevnes av Kirkerådet (alternativ 1) eller velges av Kirkemøtet (alternativ 2)?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at det økumeniske og internasjonale arbeidet er så viktig for heile kyrkja at Kyrkjemøtet framleis må vera staden for oppnevning av både leiar og representantar sjølv om mellomkyrkjeleg råd no vert omorganisert frå å vera eit organ til å bli eit fagråd i kyrkjerådsadministrasjonen.

Bjørgvin bispedømeråd vil difor gå inn for alternativ 2 til ny § 3, men med endring i §3a):

Rådet består av: a) Mellomkirkelig råds leder valgt av Kirkemøtet og fem representanter som velges av og blant Kirkemøtets medlemmer.

Denne endringa gjev Kyrkjemøtet mynde til fritt å velja ein leiar uavhengig om vedkomande er vald til Kyrkjemøtet.

Endringa fører til at det må bli ending i §3 slik at det står:

Kirkemøtets nominasjonskomité forbereder valget av leder og medlemmene etter bokstav a etter forslag fra bispedømmerådene

3. Bør representantene fra bispedømmene måtte være medlemmer av Kirkemøtet eller kunne velges på fritt grunnlag?

Mellomkyrkjeleg råd skal no vera eit fagorgan for heile kyrkja. Det vil derfor vera viktig å sørga for både å velja medlemer med kompetanse og erfaring innanfor fagfeltet, dette talar for at i det minste leiaren bør veljast på fritt grunnlag. Samstundes er det av stor verdi at representantane for bispedøma og sit i bispedømeråda.

Bjørgvin bispedømeråd meiner difor at leiari bør veljast av kyrkjemøtet på fritt grunnlag, men at dei andre representantane frå bispedøma må vera medlemer av Kyrkjemøtet

4. Bør leder av Mellomkirkelig råd oppnevnes eller velges i henhold til alternativ 1A, 1B eller 2?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at leiari bør veljast av Kyrkjemøtet på fritt grunnlag, alternativ 2 med dei endringar som er foreslått i svaret til høyringsspørsmål 2.

Bjørgvin bispedømeråd er samd i at Mellomkyrkjeleg råd sin leiari framleis møter i Kyrkjemøtet og i Kyrkjerådet med tale- og forslagsrett. Dette er viktig for den plass dei internasjonale og økumeniske spørsmål må ha i Den norske kyrkja. For å synleggjera dette bør det framleis stå i regelverket for Mellomkyrkjeleg råd, sjølv om det står i reglane for Kyrkjerådet si verksemd.

Elles er Bjørgvin bispedømeråd samd i dei føreslått endringane i §1, 5, og 6. I §7 bør alternativ 2 veljast slik at regelverket trer i kraft «fra valget på Kirkemøtet 2020».

Med helsing

Jan Ove Fjellvæit
Stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.